

Kunnskap og forsoning

Elin Skaar

Eit av hovudmåla til den norske Sannings- og forsoningskommisjonen er å bidra til forsoning. Ein av forutsetnadane for forsoning er kunnskap. Difor er kunnskap om både fornorskingsprosessen som dei gruppene som kommisjonen skal granska vart utsette for (nemleg samar, kvenar, norskfinnar og skogfinnar) og kunnskap om sjølve kommisjonen viktig. Her skal eg presentera nokre funn frå Medborgarpanelet, ei nasjonal spørjeundersøking som prøver å finna ut kva kunnskap det norske folk har om kommisjonen.

Fyrst ein kort kommentar om dei tre fasane av arbeidet til kommisjonen som TRUCOM prosjektet undersøker. I den fyrste fasen ser me på bakgrunnen for at kommisjonen blei etablert i 2018. I den andre fasen undersøker me sjølve sanningskommisjonsprosessen gjennom følgjeforskning over ein periode på fem år (2018-2023). Det er her spørjeundersøkingane inngår. Til slutt skal me sjå på kommisjonen sin sluttrapport, som kommisjonen skal overrekka Stortinget 1. juni 2023, og dei anbefalingane som kommisjonen kjem med då. Spørjeundersøkingane inngår som ein viktig del av datamaterialet for dette forskingsprosjektet, saman med deskstudie, medianalyse, semistrukturerte intervju, og deltaking på sanningskommisjonen sine opne møte.

Materialet frå spørjeundersøkingane samla inn for dette prosjektet er henta gjennom Norsk medborgarpanel, i nært samarbeid med og gjennomført av DIGSCCORE ved Universitetet i Bergen. Dette er ei landsomfattande spørjeundersøking som går ut til eit representativt utval av det norske folk to gonger i året. Medborgarpanelet tek pulsen på mange samfunnsaktuelle spørsmål og har kartlagt nordmenn sine haldningar til ulike samfunnsspørsmål i snart 10 år. TRUCOM-prosjektet skal ha fem spørjeundersøkingar i løpet av prosjektperioden, som del av Medborgarpanelet. Respondentane får ei rekke spørsmål som dei får fire minutt til å svare på. Spørsmåla er difor nøye utforma slik at me skal henta ut så mykje viktig informasjon som mogleg på kort tid. Den fyrste spørjeundersøkinga vår var i mai 2021, det andre i mai 2022 og den tredje i oktober 2022. Den fjerde vert i mai 2023 og det femte og siste i oktober 2023 – altså etter at kommisjonen har levert rapporten sin.

Desse spørjeundersøkingane har tre hovudmålsetnader. For det fyrste, vil me prøva å finna ut kva folk flest veit om den norske Sannings- og forsoningskommisjonen. For det andre, prøver me å få en idé om kva slags forventningar folk i Noreg har til kommisjonen og kommisjonen sitt overordna mål, nemleg forsoning. Gjennom å stilla nokre av dei same spørsmåla i fleire spørjeundersøkingar, kan me gjennom tidsserieanalyse finna ut om kunnskap og haldningar til kommisjonen endrar seg over tid. Endringar kan vidare knytast opp mot korleis kommisjonen jobbar, og kor synleg kommisjonen er i det offentlege rom. Alt dette vil samla sett vera relevant for å vurdere mellom anna legitimiteten til kommisjonen og dei forutsetnadane som ligg til grunn for forsoning når kommisjonen er ferdig med arbeidet.

Så litt fakta. Dei to spørjeundersøkingane som eg skal presentera nokre funn frå her vart utførte i mai 2021 og i mai 2022. Det var litt i overkant av 2000 respondentar på landsbasis. Dei utgjer eit representativt utval av det norske folk når det gjeld etnisitet, alder, kjønn, og geografi. Etnisitet er av spesiell interesse for TRUCOM-prosjektet i og med at arbeidet til kommisjonen er retta spesifikt mot tre utvalde grupper: eitt urfolk (samar) og to nasjonale minoritetar (kvenar/norskfinnar og skogfinnar). Kommisjonen skal i fylgje mandatet også retta seg mot «majoriteten», som jo er ei nokså heterogen gruppe, og som inkluderer personar med mange ulike etniske bakgrunnar. Me har difor bedd respondentane om å klassifisere seg sjølve i fem ulike kategoriar: norsk, samisk, kvensk

eller norsk-finsk, skogfinsk og «andre». Det er viktig å notera seg at respondentane kan krysse av for fleire etnisitetar der det kjennest naturleg, fordi me veit at mange har fleire enn ein identitet. Det ser me tydeleg i materialet vårt.

Me stilte tre spørsmål til respondentane som prøvde å fanga opp både kunnskap om og forventningar til kommisjonsarbeidet. Det første spørsmålet var om kjennskap til sanningskommisjonen har endra seg over tid. Dernest ynskte me å finna ut kva folk flest veit om fornorskingspolitikken. Det tredje spørsmålet var om folk trur kommisjonen kan bidra til forsoning.

La oss fyrst sjå litt på kunnskapsnivået om kommisjonen. Heilt konkret stilte me fylgjande spørsmål, både i mai 2021 og eitt år seinare i 2022: Kjenner du til at Stortinget har utnemnt en sannings- og forsoningskommisjon som skal undersøka fornorskingspolitikken retta mot samar, kvenar/norskfinnar og skogfinnar? Svara frå undersøkinga viser at i mai 2021 var det berre 27% av det norske folk som kjente til kommisjonen, medan 72% rapporterte at dei hadde aldri hadde høyrte om kommisjonen. Når me spolar eitt år fram i tid, auka svarprosenten på dei som svara ja frå 27% til 37%. Det tyder ei 10 % auking i respondentar som sa dei kjenner til kommisjonen. Dei som ikkje kjenner til kommisjonen, var dermed i underkant av 62%.

Men er det slik at kunnskapen om kommisjonen er jamt fordelt i heile Noreg, eller er det er slik at kunnskapsnivået er større i enkelte deler av landet? Her fann me noko interessant. Svarprosenten som svara ja var for heile landet under eitt 27%, medan i Nord-Norge var det nesten 57% av dei spurde som svara at dei kjende til kommisjonen. Altså over det doble av landsgjennomsnittet. Dei som kom dårlegast ut i forhold til kunnskap var Vestlandet med berre 22% som svara ja. Eitt år seinare (mai 2022) hadde kunnskapen om kommisjonen på landsbasis gått opp med 10 prosentpoeng. Medan kjennskapen til kommisjonen i Nord-Noreg var omlag den same som året før, ser me ei tydeleg auke i kunnskap om kommisjonen i andre deler av landet, fyrst og fremst i Oslo. Der hadde svarprosenten gått opp med over 13%. Vestlandet og Trøndelag kom også mykje betre ut i 2022 enn året før. Det kan jo tyda på at kommisjonen kan ha jobba spesielt målretta i desse områda. Men eg skal ikkje gå inn på noko djupare analyse her ettersom eg primært skal presentera talmaterialet frå spørjeundersøkingane.

Me såg vidare på om kjønn har noko å sei for kunnskapsnivået om kommisjonen. Det viser materialet vårt at det ikkje har: menn og kvinner kjenner, eller kjenner ikkje til, kommisjonen ganske likt. Derimot ser me ganske store forskjellar når det gjeld kunnskap blant ulike etniske grupper. Av dei 2000 respondentane som deltok i spørjeundersøkinga, var det faktisk 91%, altså over 1800 respondentar, som identifiserte seg sjølve som kun norske. Dei som identifiserte seg som kun samisk, kvensk/norskfinsk eller skogfinsk, var eit veldig lite fåtal; ein stad mellom 10 og 15 personar. Det var overraskande mange som identifiserte seg som «annet». Cirka 5% gav opp at dei hadde fleire etnisitetar. I denne gruppa finn me også dei aller fleste som identifiserer seg som samiske, kvenske, norskfinske eller skogfinske (i ein eller fleire kombinasjonar). I den fleir-etniske gruppa er det 43% som svarar at dei kjenner til kommisjonen, altså ein mykje høgare svarprosent enn for landsgjennomsnittet. Dette funnet er i tråd med det me forventa i forkant, nemleg at kunnskapen om kommisjonen er størst blant dei gruppene som kommisjonen fyrst og fremst rettar arbeidet sitt mot.

Alder har også mykje å sei for kjennskap til kommisjonen. Der var over fire gonger så mange i aldersgruppa fødd 1939 eller tidlegare som i aldersgruppa fødte 1990 eller seinare som rapporterte at dei hadde høyrte om kommisjonen, då dei vart spurde i 2021. Men dette er i ferd med å raskt endra seg. Medan berre rundt ein av ti personar fødte etter 1990 hadde kjennskap til kommisjonen i 2021, hadde ja-svar i denne aldersgruppa auka til heile 25% berre eitt år seinare (mai 2022).

Når me så skifter fokus frå kjennskap til kommisjonen til kjennskap til fornorskingspolitikken, stilte me fylgjande spørsmål i spørjeundersøkinga i mai 2021: I kva grad trur du at *folk flest* kjenner til den norske stat sin aktive fornorskingspolitikk retta mot samar, kvenar, norskfinnar og skogfinnar, og som heldt på fram til andre halvdel av 1900-talet? Forsking viser at dersom ein spør ein person om kva hen trur *andre* kjenner til, er det meir truleg at personen gjev eit ærleg svar som speglar deira eigen faktiske kunnskap. Dersom me ser på kunnskapen om fornorskingspolitikken retta mot dei tre hovudgruppene (samar, kvenar/norskfinnar og skogfinnar), ser me at folk har rimeleg god kjennskap til fornorskingspolitikken retta mot samar (ca. 35%). Derimot er det svært få (ca. 10%) som seier dei kjenner «veldig godt til» eller «godt til» fornorskingspolitikken retta mot kvenar og norskfinnar, og faktisk langt under 5% som kjenner til denne undertrykkande politikken retta mot skogfinnar. Så her har kommisjonen ein ganske stor jobb å gjera i å spreia kunnskap om fornorskingspolitikken.

Det positive er at sjølv om folk har ganske liten eller ingen kunnskap, så er dei generelt positive til å kartlegga fornorskingspolitikken. Ein tredel (33%) svarar at dette er «veldig viktig» og 38% at dei tykkjer det er «ganske viktig». Det vil sei, at over 70% av folk i Noreg tykkjer at arbeidet som kommisjonen held på med er viktig når dei får det forklart, sjølv om mange av dei i utgangspunktet ikkje kjente til kommisjonen.

Men sjølv om folk er positive til kartleggingsbiten som kommisjonen held på med, er dei meir skeptiske om denne nye kunnskapen om fornorskingsprosessen faktisk vil bidra til forsoning. Me stilte to spørsmål: Trur folk at ein sannings- og forsoningskommisjon (1) kan bidra til forsoning mellom minoritet og majoritet, på den eine sida, eller (2) mellom minoritetsgrupper og staten i Noreg på den andre sida? Me fekk overraskande like svar på dei to spørsmåla. Det var totalt ca. 15% som trudde at ein kommisjonen som den norske i «veldig stor grad» eller «ganske stor grad» vil bidra til forsoning. Dette, etter mitt syn, er nokså nedslåande tal. Men desse haldningane kan ha endra seg. Det vil me finna ut av i neste spørjeundersøking, til våren 2023.

Kort oppsummert, viser spørjeundersøkingane våre frå 2021 og 2022 at kjennskapen til kommisjonen har auka, men at han framleis er nokså låg på landsbasis. Det er stor variasjon mellom ulike landsdelar. Som forventa, er kunnskapen er størst i Nord-Noreg. Faktisk er det meir enn dobbelt så mange (i prosent, ikkje absolutte tal) frå Nord-Noreg som frå Vestlandet som rapporterer at dei kjenner til kommisjonen. Det er lite skilnad mellom menn og kvinner når det gjeld kunnskap. Derimot fann me store skilnader mellom generasjonane. Som forventa, er kunnskapen størst blant dei eldste, men har auka mest blant de yngste. Også som forventa, er fornorskingspolitikken retta mot samane mykje betre kjent enn den same politikken retta mot dei to minoritetsgruppene. Men for å enda med eit gledeleg funn: sjølv om kunnskapen om kommisjonen er relativt låg, så er folk flest ganske positive til kommisjonsarbeidet. Det gjev rom for optimisme.